

Referat frå møte i Strandebarm sokneråd

Møte 4 / 2023

Stad: Strandebarm kyrkjelydshus

Tid: Tysdag 11. april 2023 kl. 1800

Møtte:

Olav Tombre, Anne Marie Bogetveit Berge, Bodil Stranden, Anne-Kristin Torsnes Fosse,
Varamedlemmer: Lillian Hjartåker Fosse, Alvhild Tveitnes, Siv Ljones

Forfall: Kåre Milje, Åse Sandnes Fosse, Torunn Baldersheim, Arne Gjerstad, sokneprest Vetle Karlsen Eide, Inger Ljones Måkestad, Lina Chandrike Berge,

Sakliste:

Sak 18/23 Orienteringar frå sokn og fellesråd

Olav orienterte om sjukmeldingar og konstitusjonar ved kyrkjekontoret. Vidare om møtet med formannskapet i heradet om kyrkjetak og sikring.

Soknerådet er særleg opptekne av at det vert gjort naudsynte gode sikringstiltak no.

Sak 19/23 Soknerådsvalet 2023

Valnemda har fått på plass fleire dugande kandidatar til vallista, men vantar enno ein person for å få ei godkjend liste. AU skal gjera ein innsats dei næraste dagane for å få dette på plass.

Kåre tek kontakt med Ingvill Sørheim for å få i stand eit felles leiarmøte for å drøfte omsynet til den praktiske utføringa kring valet og samarbeidet med heradet.

Sak 20/23 Dugnad på kyrkjegarden torsdag 20. april kl. 17 – 19

Siv tek ansvar for annonsering på Facebook, og Bodil syter for plakatar i Strandebarm.

Olav snakkar med Heine, Monica og Olav Skeie Lid om kva oppgåver som bør prioriterast.

Sak 21/23 Konfirmantfesten torsdag 27. april kl. 1900 - 2030

Det praktiske opplegget for kvelden;

Siv, Bodil og Torunn ordnar med og lagar maten. Bodil bestiller kake og raude roser. Anne Marie og Lillian ordnar salen og pyntar. Siv lagar kviss, og Olav leiar festen.

Konfirmantlærarane» sender ut invitasjon til konfirmantane/foreldre/føresette. Dei må også informera kjøkkenpersonalet om antal påmelde, og også om eventuelle allergiar.

Sak 22/23 Konfirmasjonen 30. april

Ansvarer denne sundagen er å hjelpa til med parkering og kyrkjevertar. Det er truleg nødvendig med tre (3) parkeringsvakter, og minst tre (3) kyrkjevertar.

Lillian kan vera ein av p-vaktene og gå inn som tredje kyrkjevert når gudstenesta byrjar.

Leiar avklarar to p-vakter i tillegg.

Sak 23/23 Ymse

-Besøk frå Arna sokneråd i juni. Dette vil truleg skje søndag 18. juni. Lillian kjenner representanten i Arna sokneråd, og avklarar litt meir om tid og det praktiske. Då får me tid til å drøfte dette på neste møte.

-Kistekrakk. Dette har vore drøfta og sameint om tidlegare. Soknerådet vedtok at det vert kjøpt inn kistekrakk i akryl frå fa. SIFA til kr. 4595. + mva.

-Valstyre. Soknerådet vedtok i samband med kyrkjevalet hausten 2023; AU (arbeidsutvalet) skal vera arbeidsutval for valstyret (soknerådet).

-Neste møte. Soknerådet meiner at dette kan leiar og sokneprest drøfta og verta einige om.

Møtet avslutta kl. 1850

Olav

Ref.